



Foto: Thomas de Lange Vennecke

## Status og råd

Etter ein oppgang i 2005–2008 har loddebestanden no stagnert, og målingane hausten 2009 og hausten 2010 har vist ein liten nedgang. Men bestanden er stor nok til at det kan fiskast kommersielt, og kvoten for vinteren 2011 vart sett til 380 000 tonn, ein oppgang på 20 000 tonn i høve til vinteren 2010. Som i 2010 er 10 000 tonn sett av til forskingsføremål.


Sidan systematiske målingar av bestanden tok til i 1972 har det vore tre bestandssamanbrot. Samanbrota er knytte til dei store årsklassane 1983, 1998–1999, 2002 og 2004 av norsk vårgytande sild i Barentshavet. Rekrutteringa til loddebestanden, målt om hausten som 0-gruppe og 1-gruppe, har vore god dei siste åra. Den siste sterke årsklassen av norsk vårgytande sild (2004) er ute av Barentshavet, og rekrutteringsutsiktene for lodda er dei næraste åra gode. Det har vore auka beiting av lodde frå torskebestanden, som har vore i vekst dei seinaste åra.

Bestandsmålinga i september 2010 resulterte i eit overslag over totalmengda på 3,5 millionar tonn, der om lag 2,1 millionar tonn var modnande fisk som, etter å ha blitt redusert av fiske og beiting frå torsk, vil gyta våren 2010. Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen har vedteke ein forvaltingsregel som går ut på at det skal vera mindre enn 5 % risiko for at gytebestanden skal koma under 200 000 tonn ved gytetidspunktet. ICES gjev sine råd om loddeforvaltninga ut frå denne regelen.

I 2011 er gytebestanden rekna ut til å verta 487 000 tonn dersom heile kvoten på 380 000 tonn vert teken.

## Fiskeri

2009 og 2010 er dei første åra med kommersielt fiske sidan 2003. I løpet av dei siste 20 åra har loddefisket vore stoppa tre gonger på grunn av store endringar i bestandsstorleiken. Loddekvotane vert delte mellom Noreg og Russland i høvet 60/40. I den tida fisket var på topp vart det fiska i to sesongar; ein om vinteren og ein om hausten. Vinterfisket er på lodde som er på veg inn for å gyta, medan fisket om hausten føregjekk i beiteområda nord i Barentshavet. I seinare år har det berre vore fiska om vinteren. Fisket på norsk side er hovudsakleg eit ringnotfiske, men når lodda kjem nær land før gyting vert det også fiska ein del med flytetrål. Russiske fiskarar fiskar hovudsakleg med trål. Noko av kvoten kan bli sett av til tredjeland i byte for annan fisk, så det har tradisjonelt vore innslag av båtar frå Færøyane og andre land i loddefisket.



**Utvikling av rapportert fangst av lodde i Barentshavet.**

*Development of reported catch of capelin in the Barents Sea.*

## BARENTSHAVET

### Lodde – *Mallotus villosus*

**Andre norske namn:** Hannfisk vert kalla fakslodde og hofisk sillodde

**Familie:** Osmeridae (loddefamilien)

**Maks storleik:** Sjeldan over 20 cm og 50 gram

**Levetid:** Sjeldan meir enn 5 år

**Leveområde:** Barentshavet

**Hovudgyteområde:** Kystnært ved Troms, Finnmark og Kolahalvøya

**Gytetidspunkt:** Mars–april


**Føde:** Plankton

**Særtrekk:** Namnet har lodda fått fordi hannen får ei stripe av hårete skjell langs sida i gytetida

### Nøkkeltal:

**SISTE ÅRS KVOTE:** Totalkvoten var på 380 000 tonn, av dette 10 000 tonn forskingsfangst

**SISTE ÅRS FANGST:** Totalfangsten er på 315 000 tonn (Russland tok ikkje heile kvoten)



### Fakta om bestanden:

Lodda er ein liten laksefisk som lever heile sitt korte liv i Barentshavet. Det finst også andre loddebestandar på den nordlege halvkula. Dei viktigaste held til ved Island, ved Newfoundland og i Beringhavet. Bestanden i Barentshavet er jamt over den største. Lodda lever som stimfisk i dei frie vassmassane og lever først og fremst av raudåte. Frå dei er ca. 10–12 cm et dei også mykje krill. Lodda er ein sentral organisme i økosystemet, og mange predatorar har lodda som viktig føde. Først og fremst et torsken mykje lodde, men også grønlandssel, ulike kvalartar, sjøfugl og annan fisk har lodde på menyen.

Dei fleste individa døyr etter å ha gytt første gongen, vanlegvis når dei er fire år gamle.

Lodda beitlar over store delar av Barentshavet, først og fremst langs polarfronten og lenger nord og aust. Utpå seinhausten vandrar fisken sørover, og om vinteren held bestanden seg sør for polarfronten og iskanten. Den modnande delen av bestanden, som består av fisk som er 3–5 år gamal og lengre enn ca. 14 cm, vandrar mot kysten, og når gjerne land i byrjinga av mars. Gyttinga føregår ved botnen, for det meste på djup frå 20–60 m, der det finst sand, grus og singel. Egga klistrar seg til botn og ligg der til dei klekkar etter ein månads tid. Larvane kjem opp i dei øvre vasslaga og driv med straumen ut frå kysten og austetter, og om sommaren er dei spreidde over store delar av det sentrale og austlege Barentshavet. Utbreiinga og vandringane er påverka både av storleiken på bestanden og av klimaet i Barentshavet.